

## Dei fyrste skandinaviske innflyttarane i Amerika.

Historia om skandinavisk innflutning til Amerika tok lenge til med den svenske kolonien attmed Delaware, »Nya Sverige», som vart grunnlagt i 1638. Sia var det ingen ting å fortelja för ein nådde fram til det 19de hundreåret.

Delaware-kolonien vart no hærteken av hollendingane alt i 1655 og etterpå av engelsmennene i 1664. Etter den tid kom det berre få svenskar dit, og etter kvart vart dei alle oppslukt av den engelske innflutninga. Men den dag i dag kan ein på kyrkegarden i Wilmington lesa fullt med svenske namn på gravsteinane, og vesle Delaware har ein ærefull part i amerikansk historie. I den amerikanske revolusjonen møtte ein Delaware-svenske, John Hanson, for Maryland i den »Kontinentale Kongressen» og var jamvel president for den i eit fullt år (1781—82). Sonson hans var representant for Maryland i den amerikanske kongressen i åtte år, dei siste fire åra (1816—19) senator.

Men det var fyrst lenge etter den tid at ny svensk innflutning kom i gang. Og dansk eller norsk innflutning hørte ein ikkje om gjennom heile denne tidbolken.

Det hadde no elles vori planar oppe om å grunnlegge ein dansk-norsk koloni i Amerika alt ei god tid för den svenske regjeringa gikk i gang med å setta opp »Nya Sverige». I 1580-åra var det ein dansk adelsman Erik Munk, — kjent i norsk historie som ein av dei verste bondeflåarane, og mest den einaste av dem som fekk dom på seg, — som i fengslet sitt freista vinne nåde hos Kongen med å lokke med at han kunne vinne sylv og gull i Amerika på same måten som Noreg i gamle dagar hadde fått det ifrå Grönland<sup>1</sup>. Og ein son hans, Jens Munk, tok opp desse planane. I 1619 siglde han ut i kongeleg ærend og skulle finne Nordvestpassasjen till India. Han nådde Davis-strøtet og ville der setta opp Nova Dania. Men mest alle mennene hans bukka under for svolt og sjukdom, og det er mest utruleg at han greidde å koma heim tilbake over Atlant-havet, sjölv tredje på skuta si.

<sup>1</sup> L. Daae i norsk Hist. Tidsskr. IV, s. 299—300.

Så fekk Danmark-Noreg ein koloni i Vest-India med tre av »Jomfru-øyane» i 1671, og i 1720-åra vart kolonien på Grönland sett oppatt etter tiltak av den norske presten Hans Egede og kjøpmennene i Bergen. Men kolonien på Grönland kom ikkje i noko slag samband med sjølve det amerikanske fastlandet. Og i Vest-India vart det svært lite av dansk eller norsk busetning. Helst var det embetsfolk som kom dit ut og berre vart verande der ei lita tid. Vi hører likevel om some forretningsfolk som flutte over derifrå til fastlandet og såleis førte eit lite (örlite) skandinavisk innslag inn i det landet som sia vart Sambands-Statane.

I 1742 og dei næraste åra etter kom det nokre få danske og enda færre norske innflyttarar til den kolonien som herrnhutane (dei mähriske brörne) grunnla i Bethlehem, Pennsylvania. Men det varte ikkje lenge.

Det kom reint uventande da det i fyrskninga på 20de hundreåret kom i dagen at alt i 17de hundreåret, jamvel frå før Nya Sverige var grunnlagt, hadde skandinaviske innflyttarar vori med og folkesett landet i den hollandske kolonien attmed Hudson-elva, det landet som no er statane New York og New Jersey. Det var den store tida for det hollandske sjöveldet, og mange skandinavar, serleg danskar og nordmenn, tok teneste på den hollandske flåten, — det var i röynda der dei fekk mykje av opplæringa si i sjömannskap. Det var naturleg at mange av dem fylgde med hollendingane til den amerikanske kolonien deira. Dei fyrste kom så tidleg som i 1630, og denne innflyttar-straumen varte ved igjennom heile det halve hundreåret som hollendingane hadde makta der i landet.

Torstein Jahr skreiv fyrst om »Nordmenn i Ny-Nederland» i det norsk-amerikanske tidsskriftet *Symra* (Decorah, Iowa) 1909 og 1913. Og så la John O. Evjen all granskinga om dette emnet fram i boka »Scandinavian Immigrants in New York 1630—1674» (Minneapolis 1916). I dette verket finn vi opplysningar om 97 danske, 57 norske og 34 svenske innflyttarar i landet kringom Hudson-elva. Mest alle kom over på hollandske skip. Berre i 1663 var det eit skip med danske innflyttarar som kom beint frå Danmark til Ny-Nederland. Men etter engelsmennene hadde hærtteki kolonien, vart det slutt på den skandinaviske og den hollandske innflutninga.

I verket sitt om denne innflutningar skriv professor Evjen (s. XII): »Alle dei kjente norske og danske innflyttarane fram til 1674 slo seg ned i New York og landet derikring. Dei kom ikkje til Ny-England-statane eller til Sörstatane. Og dei svenske innflyttarane slo seg ned anten i New York eller i Delaware.»

Det er no alltid vågeleg med slike negative påstand i histo-

ria, serleg når det gjeld område som ikkje har vori grundig gjennomgranska. Nett dei granskingane som Jahr og Evjen har gjort i arkiv frå Hudson-landa, gjer det naturleg å spørja om ikkje skandinavar kan ha komi i like tidleg tid til andre partar av Nord-Amerika. Og i røynda fins det vitnemål om slik ei tidleg skandinavisk innvandring some stader i Ny-England.

I nyare historie-verk om staten New Hampshire<sup>1</sup> står det nemnt noko om »åtte danskar» som kom der så tidleg som i 1631. Kjelda for dette er ei gamal liste på folk som kaptein John Mason i England sendte til ein plantasje han hadde fått konsesjon på attmed elva Piscataqua, der som no den kjente byen Portsmouth ligg. Lista<sup>2</sup> gjev namnet på femti mann, derav ti råds-  
menner, resten arbeidsfolk. Og så står det til slutt: »*Eight Danes, Twenty-two women*». Some historieskrivarar har meint at dei 22 kvinnfolk skulle bli rekna for danskar, dei og. Men slik som lista står, med kvinnene i ei line for seg, gjev ho ikkje noko grunnlag for slik ei tolking. Lista er venteleg sett opp noko slikt som femti år etter det årstalet som er nemnt, og skrivaren har da anten tenkt at det ikkje var turvande, eller kanskje beint fram ikkje vori i stand til, å gje namna på dei kvinnfolka og dei ikkje-engelske karane som John Mason hadde stedd i teneste hos seg.

Det har sia ikkje komi fram noko nytt dokument som kunne opplyse om namna på desse åtte danske innflyttarane til New Hampshire. Langt ut i 19de hundreåret vart det skrivi opp ein munnleg tradisjon<sup>3</sup> om at tre av dem heitte Bensore (eller Benmore), Miller og Peterson. Desse namna ser no ikkje så serleg danske ut. Men iblandt andre tidlege innflyttarar til New Hampshire eller til grensestrokk i Maine har eg funni namn, som synes meir utvilsamt danske. Såleis har eg lagt merke til ein John Amenseen som i 1665 var med på ein søknad<sup>4</sup> frå folk i New Hampshire til koloniforsamlinga for Massachusetts, deriblandt ymse av dem som er nemnt på lista frå 1631 (New Hampshire

<sup>1</sup> Dei flesta bokverka som blir sitert i denne avhandlinga, har eg nytta i Public Library i Portsmouth, N. H. Eg må takke Miss Dorothy M. Vaughan for god hjelp.

<sup>2</sup> Prenta i Provincial Papers. Documents and Records relating to the Province of New-Hampshire, 1623—1686. Vol. I. Compiled and edited by Nathaniel Bowton. Concord, 1867. S. 113—115. (Fyrst prenta, men ikkje heilt korrekt i Nathaniel Adams, Annals of Portsmouth, Portsmouth 1825, s. 18).

<sup>3</sup> Everett S. Stackpole, Old Kittery and her Families. Lewiston, Maine, 1903, s. 27. (Kittery ligg no i Maine, på den andre sida av elva Piscataqua, midt imot Portsmouth, men hørte opphavleg med i same plantasjen.)

<sup>4</sup> Provincial Papers, I, s. 285—86.

hørte på den tida under Massachusetts). Dei lokale historie-skrivarane vil gjera han til same mannen som ein som elles (i 1684) blir kalla John the Greek (eller Amazeen). Men meg synes det rimelegare å ta han for dansk eller norsk.

Om vi da ikkje veit namna på dei åtte danske innflyttarane frå 1631, så veit vi likevel noko om arbeidet deira. I 1680-åra, lenge etter John Mason var død (han døydde i 1635), vart det teki opp vitnemål om dei rettskrava som ervingane hans og andre kravsmenner kunne ha på plantasjen hans. Da var det, i 1685, ein Francis Small som sa han hadde budd der på plantasjen i omlag femti år, og han vitna<sup>1</sup> at han godt kunne minnas koss »kaptein Mason sendte hit til landet åtte danskar som skulle bygge kverner, saga tømmer og stelle dem og laga pottaske, og at den fyrste kvernsaga og kornmylla i Ny-England vart sett opp på plantasjen til John Mason i Newichwannock for omlag femti år sia».

Dette er forvitneleg nytt. Det syner at desse danske innflyttarane gjorde eit viktig innskot i framgangs-arbeidet for Ny-England. Dei sette i gang mylle-industrien der i landet. Serskilt sagbruka vart grunnlag for ei næringsdrift som hadde store fylgjer for det økonomiske livet i desse koloniane.

Når kvernsager er nemnt i denne samanhengen, kan ein nok få ein mistanke om at dei »åtte danskane», eller i det minste some av dem, i røynda kan ha vori nordmenn. Ein ventar at det skulle heller koma røymsler i tømmer-saging frå Noreg enn frå Danmark, og i 17de hundreåret kunne nordmenn ofte sjølve kalle seg for danskar. Men det nyttar ikkje å laga gissingar om dette så lenge vi ikkje veit meir om dei åtte karane.

Dessutan lyt vi vedgå at jamvel engelsmenn kunne hatt med seg røymsler i sagbruk. Vi har ifrå omlag 1699 eit vitnemål<sup>2</sup> ifrå ein Henry Longstaff om at ein av dei engelske innflyttarane fra 1631, ein Ralph Gee, som døydde i 1645, »stelte buskapen til Mason og attpå hadde arbeid med å skjera stavar m. m.».

Om det no var framgang i tømmerdrift der på staden, eller om det var innførsel frå utlandet som var grunnen, så kan det vera verdt å nemne at i plantasjane til kaptein Mason i Piscataqua og Newichwannock var det i 1635 registrert eit opplag av 2573 sagbord og 1495 furuplankar imot berre 50 bord i 1633<sup>3</sup>.

Ei anna side av dansk innverknad i Ny-England kjem fram i andre vitnemål frå 1680-åra. Den fyrster konsesjons-havaren på

<sup>1</sup> Provincial Papers, I, s. 45.

<sup>2</sup> Stackpole, Old Kittery, s. 30.

<sup>3</sup> Prov. Papers, I, s. 80 og 116—117.

Piscataqua-plantasjen, John Mason, kom aldri sjølv over der; men han var sterkt interessert i den økonomiske framgangen for landet sit<sup>1</sup>. Han fekk dyrka opp mykje jord (i 1685 er nemnt 1000 acres<sup>2</sup>), han bygde store hus og sendte store opplag av varer dit. Men det som her er serskilt å legge merke til, det er at eitt eller to år etter han hadde grunnlagt nybygget i 1631, sendte han over til Piscataqua ein buskap med dansk fe. Og det er sagt at dette var den fyrste sendinga av oksar og kyr som kom frå Europa til Ny-England<sup>3</sup>.

Etter vitnemål av to mann i 1685 som sjølve hadde komi over med dei fyrste innflyttarane tidleg i 1630-åra<sup>4</sup>, var dette »store dyr, gulblakke på leten», og eitt vitne, den ovannemnte Francis Small som kom over noko lenger ut i 1630-åra, sa<sup>5</sup> at han »trudde for sant at mesteparten av storféet i New Hampshire og Maine ættas frå det féet som kaptein Mason hadde sendt hit, for han kunne ikkje minnas og hadde ikkje hørt at nokon annan hadde ført fe dit over».

Vi har eit par inventar-lister frå Piscataqua-plantasjen meia han var i eiga til John Mason, ei frå 1633 og ei frå 1635. I den fyrste<sup>6</sup> er det ikkje oppført meir enn 1 okse, 10 kyr og 2 kalvar. I den andre<sup>7</sup> finn vi 2 oksar, 22 gjeld-oksar og kvigar, 24 kyr og 10 kalvar, dessutan 92 sauer og lam, 27 geiter, 64 griser, 13 hestar og merrer, og 9 föl. Dette synes da stadfeste eit vitnemål frå 1685<sup>8</sup> om at kaptein Mason hadde »ein stor buskap på landet sitt».

Etter han var død, tok råds mennene for ervingane hans og like eins mange av nybyggerane på godset til seg både féet og mangt anna av det han hadde fått i hop der. Og alle dei som vitna for retten i 1685, minntes reint serleg eit storhende frå 1640-åra<sup>9</sup>. Det var da at fullmektigen for ervingane, kaptein Francis Norton som budde i »det store huset» på Piscataqua, dreiv bort derifrå ein böling på omlag hundre storfé og selde dem i Boston og derikring, og sjølv slo seg ned der, i di at han rømte ifrå Piscata-

<sup>1</sup> Charles W. Brewster, *Rambles about Portsmouth, First Series*. Portsmouth, N. H., 1873, s. 18.

<sup>2</sup> *Prov. Papers*, I, s. 47.

<sup>3</sup> Nath. Adams, *Annals of Portsmouth*, s. 23.

<sup>4</sup> *Prov. Papers*, I, s. 47.

<sup>5</sup> sst., s. 45.

<sup>6</sup> sst., I, s. 80.

<sup>7</sup> sst., s. 116—17 (og Adams, *Annals*, s. 394).

<sup>8</sup> sst., s. 47.

<sup>9</sup> sst., s. 45—47.

qua. Dette féet var av dei store danske dyra, og dei vart selde for den dryge prisen av 25 pund stykket i engelske pengar. Den førnemnte Francis Small fortalde at han sjölv hadde vori leigd av kaptein Norton til å drive bölingen.

Om vi da ikkje har noka serleg greie på dei åtte danskane som kom til New Hampshire i 1631, så hörer vi såleis mykje meir om det danske féet som kom dit straks etter, og kor mykje det fekk å seia for næringsdrifta i Ny-England.

Vi kan nok likevel finne some andre far etter gamal skandinavisk innflutning i Ny-England, og det lever enda folk som kan före ætte si tilbake til den.

Altfor lett kan vi no bli freista til å rekne for skandinavisk-amerikanarar folk som har namnet *Hanson*. Av dem finn vi ikkje så få både i Ny-England og i Sörstatane frå tida före den store skandinaviske innflutninga i 19de hundreåret. Framskotne folk med dette namnet fins såleis t. eks. i Georgia og Alabama, og dei er venteleg etterkomarar etter dei svenske Hanson'ane i Delaware og Maryland. Men elles er det så at namna Hans og Hanson var i bruk etter mønster frå Holland i Yorkshire og andre landskap i Nord-England<sup>1</sup>, og derifrå kan dei ha komi til Amerika. Det er nok tenkeleg at nokre Hanson'ar som vi finn i Piscataqua-kolonien i New Hampshire i andre halvta av 17de hundreåret, kunne ha ættas frå some av dei danskane som kom dit i 1631, såleis ein Thomas Hanson<sup>2</sup> som er nemnt i 1657 og lét mykje ættfolk etter seg, eller ein Isaac Hanson<sup>3</sup> som er nemnt i 1679. Men i yngre kjelder blir det sagt for visst at i det minste Thomas Hanson kom ifrå England, — det gjorde no elles dei åtte danskane frå 1631 òg.

Like eins kan det vera uvisst med det nasjonale opphavet for some tidlege nybyggjarar med det goda skandinaviske namnet *Harald* i ymse former. Namnet kom til England i vikingtida, og der vart det jamvel eit ættnamn. Ein William Harell<sup>4</sup> kom til Piscataqua-kolonien i 1639, og andre med same namnet er omtala nokre tiår seinare<sup>5</sup>. Dei kunne vera skandinavar, for vi hörer frå

<sup>1</sup> Charles W. Bardsley, *A Dictionary of English and Welsh Surnames*, London 1901, s. 397.

<sup>2</sup> Charles Henry Pope, *The Pioneers of Maine and New Hampshire 1623 to 1660*, Boston, Mass., 1908, s. 90; Sybil Noyes, Charles Th. Libby & Walter G. Davis, *Genealogical Dictionary of Maine and New Hampshire*, Portland, Maine, 1928—39, s. 307.

<sup>3</sup> James Salvage, *A Genealogical Dictionary of the First Settlers of New England*, II, s. 352.

<sup>4</sup> Pope, *The Pioneers*, s. 90.

<sup>5</sup> sst., s. 102; *Genealogical Dictionary of Maine*, s. 308.

kunnigt hald<sup>1</sup> at namnet aldri vart svært mykje i bruk i England; ein har berre nokre få døme på det frå eldre tider. Til ættnamn vart det mykje meir vanleg i Amerika enn i England, og serleg finn ein det etter måten ofte i Sörstatane. Slikt synes tyde på innflutning av Harald'ar frå andre land enn England. Om ein Henry Harral i South Carolina er det likevel endefram sagt at han var engelsk av ætt<sup>2</sup>. På den andre sida ser vi at ei ætt Haralson som vann eit framskote rom i Georgia og Alabama i 19de hundreåret, kom ifrå ein offiser i den danske hæren som heitte Peter Haralson<sup>3</sup> og som kom ifrå Danmark over Holland till Virginia i 1715.

Med større visse torer vi tala om skandinavisk opphav, venteleg snarast dansk eller norsk, for den ætte *Iverson* som omlag 1695 kom i lag med andre nybyggjarar frå Massachusetts og slo seg ned i Dorchester, South Carolina; vèl eit halvt hundreår seinare flutte dette ættfolket til Midway, Georgia<sup>4</sup>. Ein mann av ætta, Alfred Iverson, sat i det amerikanske senatet i 1850-åra. Namnet Ivar kom aldri i bruk i sjølve England; det vart berre oppteiki av vælksmenn, irar og skottar. Men når dei skulle nemne seg søner av ein Ivar, sette dei Mac framføre. Når vi da møter ein Iverson i Ny-England i 17de hundreåret, blir det rimeleg at han var skandinav.

På fulltrygg grunn i så måte er vi likevel med den store ætta *Gunnison*. Her var vi i sanning å gjera med ei ætt av skandinavisk opphav, innflutt til Amerika, og det til Ny-England, tidleg i 1630-åra. Den amerikanske ættfaren heitte Hugh Gunnison, og etter alt ein kan sjå var det ein engelsk kaptein som hadde han med seg frå Holland over til Boston i 1631<sup>5</sup>. Etter tradisjonen i ætta som går tilbake til sonen hans, var han ein född svenske, född i året 1610. I dei gamle aktstykke blir han somtid kalla Gunnison, somtid Gullison. Båe namna viser tilbake til skandinavisk opphav, og vi torer difor feste tiltru til ætte-tradisjonen.

<sup>1</sup> Bardsley, Dictionary, s. 361.

<sup>2</sup> Biographical and Historical Memoirs of Mississippi, I, Chicago 1891, s. 873—74.

<sup>3</sup> William and Mary College Quarterly, XII, s. 50 f.; The Abridged Compendium of American Genealogy, First Families of America, I, Chicago 1925, s. 125; (Walter G. Cooper) The Story of Georgia, Biographical Volume, New York 1938, s. 756; Thomas McAdory Owen, History of Alabama, III, s. 741—42.

<sup>4</sup> William J. Northon, Men of Mark in Georgia, II, Atlanta 1910, s. 339—40.

<sup>5</sup> George W. Gunnison, A Genealogy of the Descendants of Hugh Gunnison, of Boston, Mass., Boston 1881, s. 13.

Om denne Hugh Gunnison veit vi ikkje så reint lite. Det er noko ulikt sagt om kva han tok seg til i dei aller fyrste åra han var i Amerika. Sjølve ætte-historia seier at han kom til Piscataqua-hamna enda før det var sett opp noko hus der, såleis før John Mason sendte sine folk dit. Og så heiter det at han da fyrst slo seg ned i Dover Neck, New Hampshire. Men i 1634 var han vintappar i Boston, i teneste hos Richard Bellingham som sia vart guvernør i Massachusetts. Han fekk borgarrett i 1636, og da hadde han eit vertshus i Boston som heitte King's Arms, og dertil eit bryggeri. I Boston gifte han seg òg, jamvel to gonger, sia den fyrste kona hans døydde frå han. Vertshuset, og alt som hørte til, selde han i 1651, og da flutte han til Kittery i Maine, den gongen i Massachusetts. Der òg heldt han vertshus med löyve til å selja vin og »sterkt vatn». Han vann såpass vyrnad at han vart vald både til domar og (i 1654) til medlem av folketinget for Massachusetts. Men han var ein stri kar som lett kom i trette med folk, og da heldt han hardt på retten sin. I 1653 hadde han ei rettssak med eigarmannen til eit hus han hadde til leige, og da sette han seg imot lensmannen som kom der og skulle ta ut kravet imot seg. »Han gav lensmannen lovboka», heiter det i aktstykkka, »og bad han sjå etter i den og så gå fram etter lova, — da ville han ikkje hindre han.» Han er nemnt siste gongen 4. juli 1659, og han var död före 20. juli 1660<sup>1</sup>.

Hugh Gunnison hadde tre døter med den fyrste kona si, to søner og ei dotter med den andre. Den yngste sonen, Elihu, vart skipsbygger på den staden som sia vart Portsmouth, New Hampshire, og ættfolket hans heldt det yrket oppe i mange leder. Ein av dem tente som skipstømmermann på den amerikanske flåten under Paul Jones i revolusjonskrigen. I midten av 19de hundreåret spreiddes ætta over heile Amerika, og da ein av ætta gav ut ei ættetavle i 1881, kunne han fortelja at i den hadde han med meir enn hundre familjer og meir enn tusen einskildmenner.

Den mest namngjetne mannen i ætta var kaptein John Gunnison. Han fekk jamvel rom i Dictionary of American Biography. Han vart sendt som landmålar til dei nye landa vestpå, og der vart han og alle mennene hans slegne i hel av indianane i 1853 i landet kringom Salt Lake, — det var ei bloddåd som sette stökk og harm i folket ut over heile Amerika. Både ei festning og ei elv i Colorado fekk namn etter han. Ein by i Mississippi som heiter Gunnison, vart kalla så i 1889 etter den mannen som grunnla han.

Gunnison-ætta er såleis ei av dei aller eldste skandinaviske

<sup>1</sup> Pope, The Pioneers of Maine, s. 86—87; Stackpole, Old Kittery, s. 477.

ættene i Amerika. Noko yngre, men likevel med røter heilt tilbake til 17de hundreåret er ei ætt *Bowker* i Ny-England. Ættfaren var ein svenske, James Bowker, som kom til Massachusetts i 1680 og slo seg ned der<sup>1</sup>. Ein av sönene hans flutte til Maine. Men dermed er ikkje sagt at alle Bowker's i Ny-England er svensk-ætta. For det fins der ei anna Bowker-ætt som har komi ifrå England.

Vi har da vitnemål nokk om at skandinavar kom og busette seg i Ny-England alt i 17de hundreåret, og ein torer nok tru at meir ettergranskning i arkiva kan gje opplysning om enda meir skandinavisk innflutning der enn eg har funni fram.

*Halvdan Koht.*

---

<sup>1</sup> Adolph B. Benson, *Swedes in America*, New Haven 1938, s. 107—8.